
Saksnr: 2020/861-6
Saksbehandlar: Ronny Skaar, Elin Molven

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		16.09.2020
Fylkesutvalet		17.09.2020
Fylkestinget		29.09.2020

Moster 2024 AS - Endring av aksjonæravtale

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner aksjonæravtalen og tilhørende dokument til Moster 2024 AS.
2. Fylkestinget vedtek å opprette Moster 2024 AS med tilhørende stiftingsdokument, vedtekter, instruks for valkomité og aksjonæravtale.
3. Dette vedtaket erstattar punkt 1. i tidlegare vedtak i fylkestinget 03.03.2020 (PS 07/2020).
4. Vedtaket forutset at Bømlo kommune gjev si tilslutning til grunnlagsdokumenta for stiftinga av selskapet.

Samandrag

Etter ny gjennomgang av aksjonæravtale, instruks for valkomité og stiftingsdokument for Moster 2024 AS er det kome fram behov for nokre justeringar/endingar i dokumenta. Dette er på nytt vurdert juridisk frå Bømlo kommune i samråd med Kluge Advokatfirma og Vestland fylkeskommune sin juridiske seksjon. Desse endingane er lagt inn i dokumenta som no på nytt vert lagt fram for politisk godkjenning. Endingane i «aksjonæravtalen» har tyding for selskapet og eigarane. Endingane i dokumenta «instruks for valkomitéen» og «stiftingsdokumentet» er berre av redaksjonelle justeringar og er difor ikkje av prinsipiell tyding.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Aksjonæravtale, Moster 2024 AS

- 2 Instruks for valkomité, Moster 2024 AS
- 3 Stiftingsdokument, Moster 2024 AS

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget handsama 03.03.2020 i politisk sak 7/2020 om «Oppretting av Moster 2024 AS» og fatta såleis vedtak i saka:

1. *Det vert oppretta eit aksjeselskap som har som føremål å planleggje og gjennomføre jubileet i 2024.*
2. *Selskapet skal vere eigd 50/50 av Bømlo kommune og Vestland fylkeskommune, og skal avviklast etter at jubileet er gjennomført og evaluert.*
3. *Eigarane gjer årlege løyvingar til selskapet. Det vert lagt til grunn ei opptrapping fram mot 2024 med årlege avklaringar i kommune og fylkeskommune.*
4. *Vedtaket forutset likelydande vedtak i Bømlo kommune.*
5. *Selskapet sitt namn skal være Moster 2024 AS.*
6. *Bruk av dei resterande midlane etter eingongstilskotet på kr 3.150.000 frå Hordaland fylkeskommune vil fylkestinget koma attende til.*

Etter ny gjennomgang av dokumenta aksjonæravtale, instruks for valkomité og stiftingsdokument for Moster 2024 AS er det kome fram behov for nokre justeringar/endingar i dokumenta. Dette er på nytt vurdert juridisk frå Bømlo kommune i samråd med Kluge Advokatfirma og Vestland fylkeskommune sin juridiske seksjon. Desse endingane er lagt inn i dokumenta som no vert lagt fram for politisk godkjenning. Endingane i «aksjonæravtalen» har tyding for selskapet og eigarane. Endingane i dokumenta «instruks for valkomitéen» og «stiftingsdokumentet» er berre av redaksjonelle justeringar og er difor ikkje av prinsipiell tyding.

Fylkesrådmannen vil her kommentere dei endingane som har blitt gjort i dokumenta samanlikna med førre politiske behandling. For meir utførleg argumentasjon rundt innhaldet i dokumenta vert det vist til saksførelegget i PS 07/2020.

Det er i hovudsak aksjonæravtalen som er endra (i dei andre dokumenta er det redaksjonelle endingar):

- Punkt 1.1, i tredje avsnitt: Formuleringa «Partane må stemme i samsvar med avgjerslene i denne Avtale» er endra til «Partane forpliktar seg til å handle i tråd med det som her vert avtalt ved utøvinga av eigarskapen».
- Punkt 3.3: Korrigert formulering: «Generalforsamlinga skal velje den styreleiaren som Bømlo kommune har peika ut til dette vervet».
- Punkt 3.4: Presisering av tal medlemmar i valkomiteen og korleis denne er sett saman.
- Punkt 3.5: Retta overskrift
- Punkt 3.6: Formuleringa «Partane skal syte for at styremedlemmene held seg til dette» er tatt vekk då partane ikkje har høve til å instruere styremedlemmar direkte.
- Punkt 4.3: «Vestland fylkeskommune» endra til «Vestland fylke»
- Punkt 5.1.1: Presisering om at Bømlo kommune skal føra rekneskapen for selskapet vederlagsfritt.
- Punkt 5.1.2: Presisering om at Bømlo kommune skal bistå med innkjøpsfagleg rådgjeving vederlagsfritt.
- Punkt 6.2: Formuleringa om at «Det skal i tillegg jobbast for å sikra ekstern finansiering» er tatt vekk. Denne oppgåva ligg til selskapet og høyrer ikkje heime i ein aksjonæravtale.
- Punkt 7: Dette punktet er vesentleg omarbeidd. Opphaveleg tekst gjekk for langt i å omtale styret for selskapet. Ein aksjonæravtale skal berre regulere tilhøva mellom aksjonærane og teksten er endra i tråd med dette.
- Punkt 9.1: Opphaveleg tekst kunne tolkast som at fylkesrådmannen ved signering av avtalen instruerte fylkeskommunen «sine» styremedlemmer korleis dei skulle røyste i ulike spørsmål. Dette er det ikkje høve til og formuleringa er tatt vekk. I tillegg er det presisert at dersom det oppstår usemje mellom vedtektene og aksjonæravtalen, er det vedtektene som skal gjelda.

Det er Fylkesrådmannen si oppfatning at endringane har gjort dokumenta enno betre. Formuleringane i dokumenta er no meir presise og det vert difor redusert risiko for feiltolkingar eller usemje i ettertid.

Fylkeskommunen sine juristar peikar på at det er ei uheldig formulering i punkt 3.6. om at «ein av styrekandidatane skal vere frå styret/administrasjonen i Moster amfi og kyrkjehistoriske senter AS». Dei understrekar at dette kan føre til uheldig rolleblanding å kombinere styreverv i dei to selskapa, jf. spørsmål om habilitet. Rådmannen åtvare også mot dette med same grunngeving i utvalsmøtet 03.03.2020 då tilleggsforslaget vart fremja og vedteke. Fylkesrådmannen har under tvil akseptert denne føringa.

Vedtakskompetanse

Avgjerdsmynde til å oppretta eit AS er ikkje delegert. Avgjerdsmynde ligg då hjå Fylkestinget.

Vurderingar og verknader

For å få slutføra oppretting av selskapet Moster 2024 AS må selskapet sin revidert aksjonærvtale, instruks for valkomiteen og stiftingsdokument godkjennast politisk.

Økonomi: Ingen endring i høve tidlegare handsama og vedteken sak.

Klima: Har ingen direkte miljømessige konsekvensar.

Folkehelse: Gjennom eit nasjonalt jubileum med sentral markering på Moster vil ein kunne styrke lokal identitet og auke engasjementet om oppvekst- og levekår. Vidare må ein i planlegginga av jubileet aktivt vurdere tiltak som fremmer folkehelse knytt til både infrastruktur, formidling, kunst- og kulturuttrykk og aktivitetar.

Regional planstrategi: Er i samsvar med regional planstrategi.

Konklusjon

Det vert tilrådt at fylkestinget sluttar seg til rådmannen sitt framlegg til vedtak, slik at endring i Moster 2024 AS sin aksjonærvtale, stiftingsdokument og instruks for valkomité vert godkjent.

- Moster 2024 AS vert oppretta med eit interimstyre.
- Stiftingsdokumenta er reviderte på nytt i juni og treng ny politisk godkjenning.
- Ein valkomité skal koma med framlegg til styrerepresentasjon og styret skal veljast på generalforsamling.
- Det er utarbeidd eigen instruks for valkomitéen, og rett kompetanse skal vere styrande for val av kandidatar.
- Eigarane er samde om ein aksjonærvtale som regulerer rettar og plikter, samt prinsipp for drift av selskapet.
- Selskapet bør jobbe for å etablere ein hovudkomité, sett saman av personar med strategiske posisjonar, som kan bidra til jubileumsarbeidet.